



# RØLDAL FJELLSTYRE

## ÅRSMELDING 2022



*Figur 1: Rekrutteringstur med Røldal skule til Kaldevatnet (Foto: Røldal Skule)*

**Røldal Fjellstyre –5760 Røldal**

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.rolldal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.rolldal@fjellstyrene.no) Sekretær: n/a - epost: [rolldal@fjellstyrene.no](mailto:rolldal@fjellstyrene.no)  
[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)

## Innhald

|                                   |    |
|-----------------------------------|----|
| 2. Røldal fjellstyre .....        | 3  |
| 3. Hytter og stølar .....         | 4  |
| Hytter: .....                     | 4  |
| Stølar .....                      | 5  |
| 4. Villreinjakt .....             | 6  |
| Setesdal-Ryfylke (SE 146-6) ..... | 6  |
| Hardangervidda (HA280) .....      | 6  |
| 5. Småviltjakt .....              | 7  |
| 6. Fiske .....                    | 9  |
| 7. Tenestekjøp .....              | 10 |
| 8. Ymse .....                     | 11 |



Figur 2: Fokuset på CWD-prøver var stort òg i 2022. (Foto: E.Hagen)

## 1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg i Ullensvang kommune i Vestland fylke og er omlag 349 000 dekar høgfjell. Delar av allmenningen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg syd for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenninga ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 4 hytter som ålmenta kan nytte og 3 stølar. Stølane vert utleigd saman med beite og bidreg til eit aktivt støsliv i fjellet.

## 2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2019 – 2023 har følgjande samansetjing:

|              |                           |                            |
|--------------|---------------------------|----------------------------|
| Leiar:       | Tor Helge Haara Tjemsland | - vara: Svein Myrheim      |
| Nestleiar:   | Håkon Småbrekke           | - vara: Heine Eikemo       |
| Styremedlem: | Randi T. Legård           | - vara: Britt B. Solbakken |
| Styremedlem: | Anne Marie G. Rabba       | - vara: Kati Must Nybø     |
| Styremedlem: | Andre Botnen              | - vara: Jan Øvregård       |

Sekretærarbeidet vart utført av Tor Helge fram til 30.06.22. Etter dette vart arbeidet overtatt av Steinar Lund frå Hardangervidda Fjelloppsyn.

Fjellstyret har hatt 7 styremøte i 2022 og handsama 56 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). All småviltjakt og hovuddelen av alle fiskekort vart i 2022 seld på Inatur.no. Reinsjakta vart seld av fjellstyre, med søknad via mail. Fjellstyret gjennomførte òg eit allmannamøte for dei bruksberettiga i februar.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

- Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH)
  - Seks fjellstyre er med her:
    - Røldal fjellstyre
    - Ullensvang fjellstyre
    - Ulvik fjellstyre
    - Eidfjord fjellstyre
    - Øvre Numedal fjellstyre
    - Rauland fjellstyre.
  - I tillegg har òg Hardangervidda Grunneigarsamskipnad ein liten eigarandel.
- Noregs Fjellstyresamband (NFS)
  - Alle dei 94 fjellstyra i Norge er med i NFS.

### 3. Hytter og stolar

Fjellstyret har tre hytter på Hardangervidda. Desse er opne frå 15. juni til 15. oktober, og vert nytta til jakt, fiske og friluftsliv. Fjellstyret har vedtatt å halde hyttene stengt i vinterhalvåret får å reduserer ferdselen på Hardangervidda med omsyn for villreinen. Det vert likevel noko bruk av hyttene om vinteren, då dei ein må nytta dei i samband med vedlikehald og liknande. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige:

- Overnatting per døgn:
  - Innanbygds: kr. 100,-
  - Utanbygds: kr. 200,-
  - Studentar: kr. 50,-
  - Under 16 år: Gratis

Oppbevaringsboks: kr. 250,- per år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro eller Vipps.

Fjellstyret har avtale med Røldal Røde Kors, som køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

#### Hytter:

##### Ninive - 1204 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos. Den er omlag 30 m<sup>2</sup> og har åtte senger.

Hytta vart totalrenovert utvendig i 2021. I løpet av 2022, er hytta meir eller mindre ferdigstilt inni. Soverommet vart pussa opp, kor det og vart laga nye senger, som auka overnattingskapasiteten til åtte senger. Bislaget vart isolert og kledd mot hytta. Noko småarbeid står att inni sjølve hytta, samt må det ryddast opp utanfor.

Det vart sett i gang arbeid med å byggje nytt uthus, som skal innehalde utbetra toalettfasilitetar. I samband med dette, vart



Figur 3: Støyping av søyler til uthuset vart utført i oktober  
(Foto: H.Bruleite)

det grove ut tomt, og støypt pilarar i løpet av sommarsesongen.  
Alt arbeidet på Ninive vart i 2022 gjennomført på dugnad.

#### Eriksbu - 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Nedre Hedlevatn like sør for Sandvikenuten. Den er omlag 35 m<sup>2</sup> og har 12 senger.

Det vart i 2022 kjøpt inn gasskomfyr til hytta. I samband med dette vart det gjort ein dugnadsinnsats for å modifisere kjøkkenseksjonen, samt eit arbeid på solcelleanlegget. Ein installerte òg solcelleanlegg på uthuset.

#### Gamlabua - 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Øvre Hedlevatn, like nord for turisthytta. Den er omlag 25 m<sup>2</sup> og har 6 senger.

Det vart ikkje gjennomført nokre større utbetringar/vedlikehald i løpet av 2022.

#### Ulevåbotnen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut.

Noverande fjellstyre vurderar framtidige løysingar for hytta. Som ei midlertidig løysing har difor hytta dette året vorte lånt ut vederlagsfritt.

### **Stølar**

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag.

#### Ståvassvikja - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut. I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite.

#### Midtfjellsvollen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

#### Nupshadlene - 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og aggregatthus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

## 4. Villreinjakt

### **Setesdal-Ryfylke (Ullensvang SR84 og Ullensvang SR85)**

Jakttida var frå 20. august til og med 30. september.

CWD-situasjonen på Hardangervidda medførte at myndigheitene innførte tiltak for å forhindre reinsdyra å nytte store delar av Røldal Statsallmenning nær E-134. Forvaltninga hadde også eit ynskje om å redusere bukkeandelen i stamma, og det vart tildelt unormalt mange valfrie dyr.

Ei samla vurdering ut frå dette, gjorde at fjellstyret vedtok å selje fellingsløyver til eit avgrensa antal innanbygdsbuande. Alle fellingsløyva vart fordelt i 12 forskjellege «kortpakkar», kor alle jegerane fekk tildelt kvart sitt fellingsløyve på valfritt dyr.

Kvar kortpakke vart seld for kr 2500.

I løpet av vinteren vart det vedtatt ny valdstruktur i Setesdal-Ryfylke. Dette medførte at Røldal fjellstyre sitt areal vart inndelt i to jaktvald, kor fjellstyret fekk tildelt fellingsløyver på begge valda. Fjellstyret inngjekk samjaksavtale med seg sjølv, og endringa medførte soleis ingen endringar for våre jegerar.

#### **Tildelte fellingsløyver:**

- Røldal Statsallmenning (Ullensvang SR84) – 10 frie dyr, 9 kalvar, 5 simler
- Breifonn Statsallmenning (Ullensvang SR85) – 2 frie dyr, 1 kalvar, 1 simler

Det vart felt 3 vaksne bukkar og 1 kalv på fellingsløyva utskrevet på Røldal Statsallmenning (Ullensvang SR84).

### **Hardangervidda (HA280)**

Jakttida var frå 15. august til og med 30. september.

CWD-tiltaka langs E-134 vart vurdert til å øydelegge store jaktområder på Røldal Statsallmenning. Det vart difor vedtatt å setje eit tak på 90 jegerar på Røldal Statsallmenning. Det vart også bestemt å ikkje selje til fleire enn 20 utanbygdsjegerar.

Fjellstyret hadde samjakt med HA290 gjennom heile jakta. Det vart frå 06. september opna for ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang SA.

Då fjellstyret fekk tildelt eit unormalt høgt tal fellingsløyver, vart det vedtatt å selje desse i pakkar til jegerane. Ein pakke inneheldt 1 fellingsløyve på bukk og 1 fellingsløyve på fritt dyr. Fjellstyret vedtok òg at jegerane skulle få eventuelle ekstraløyver vederlagsfritt.

#### **Tildelt:**

144 bukkar og 144 frie dyr. Fellingsløyver på bukk vart omgjort til fritt dyr etter 12. september. Det vart i tillegg delt ut ein kalv på alle fellingsløyva.

Prisar på fellingsløyve for rein i 2022:

Innanbygdspakke: kr 3 250  
Utanbygdspakke: kr 6 500  
Fyrstegongsjeger: gratis

Oversikt felte dyr i 2022 på Hardangervidda villreinområde på løyvene tildelt HA280:

|         | Kalv | 1 1/2 år | 2 1/2 år<br>og eldre | Sum |
|---------|------|----------|----------------------|-----|
| Hanndyr | 8    | 4        | 53                   | 65  |
| Hodyr   | 4    | 3        | 17                   | 24  |
| Sum     | 12   | 7        | 70                   | 89  |

Inntekt:

Det vart i 2022 ei samla inntekt frå sal av fellingsløyver på reinsdyr på kr 355 500.  
Ein hadde i tillegg ei inntekt på kr 5 100 i samband med overgongsavtalane.

## 5. Småviltjakt

I vedtaket frå 2021 var det opna for vinterjakt på rjupa fram til 28. februar. I 2022 var det gjort fylgjande vedtak:

1. Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober 2022 t.o.m. 28. februar 2023. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06.22 kl. 09:00.
2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare.
3. Det kan skytast 2 rjuper per dag per jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Jegerar mellom 16 - 20 år kan kjøpe dagskort med ungdomsrabatt.
5. Jeger under 16 år (opplæringsjakt), jakter gratis med veileidar. Opplæringsjeger vil, etter avtale med fjellstyre, få ein kvote på 1 rjupa per dag. Veileidar må ha løyst ordinært jaktkort.
6. Fjellstyret tilbyr smårovviltkort for sesongen 2022 og sesongen 2023. Jaktkortet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 31. september.
7. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne. Ein kan jakte Kanadagås både på smårovviltkortet og småviltkortet.
8. Fellefangst av villmink er vederlagsfritt etter avtale med fjellstyret. Leiar får fullmakt.

### Korttypar og varigheit:

- Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
- Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
- Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 30 pr dag gjennom året. Ein opnar for noko fleir jegerar i oktober. Tildeling av korttypar skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette:

|                                     | Innanbygds | Utanbygds |
|-------------------------------------|------------|-----------|
| Sesongkort 01.10-28.02              | 9          | 6         |
| Vekekort, periode 1 - 01.10-07.10   | 15         | 15        |
| Vekekort, periode 2 - 08.10-14.10   | 15         | 15        |
| Vekeskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02 | 2          | 2         |
| Dagskort f.o.m. 01.10 t.o.m. 14.10  | 3          | 2         |
| Dagskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02  | 10         | 10        |
| Smårovviltkort sesong 2022          | -          | -         |
| Smårovviltkort sesong 2023          | -          | -         |

### Prisar for småviltjakt på Røldal SA sesongen 2022/2023

|                 |         |
|-----------------|---------|
| Dagskort:       | 280,-   |
| Vekeskort:      | 1 580,- |
| Sesong:         | 2 000,- |
| Smårovviltkort: | 50,-    |

- Det er 75% rabatt for ungdomskort, samt halv pris for innanbygds.
- Prisane for perioden mellom 01.01 og 28.02 var tilsvarande dei i 2021.

| Sal småviltkort 2022 |            |              |
|----------------------|------------|--------------|
|                      |            | Totalt kjøpt |
| Innanbygds           | Sesong*    | 9            |
|                      | Veke       | 0            |
|                      | Dag        | 2            |
|                      | Smårovvilt | 0            |
| Utanbygds            | Sesong*    | 6            |
|                      | Veke       | 27           |
|                      | Dag        | 229          |
|                      | Smårovvilt | 7            |
| Totalt sal:          |            | 280          |

\*Talet på sesongkort gjeld berre dei seld for jaktseongen 2022/2023

\*Det vart seld totalt 78 dagskort mellom 01.01 og 28.02

### Inntekt:

Det vart i 2022 ei samla inntekt frå sal av småviltkort på kr 123 572,50.

## 6. Fiske

Det vart gjennomført prøvefiske i Skurevatnet, samt i Ostanuttjødna. Resultata frå prøvefisket viste tydeleg at det var naturleg produksjon i både vatna. Det er òg truleg eit behov for eit større uttak av fisk i vatna, då spesielt i Ostanuttjødna. Fjellstyret vedtok difor at det soleis ikkje er ynskjeleg å fortsetje med fiskeutsetjingar i Skurevatnet.

### Prisar:

#### Garnfiske – berre for innanbygds (Gjev òg rett til stongfiske)

Sesong:       kr 250  
Familiekort:   kr 400  
Ungdom:       kr 65

#### Garnfiske – utanbygds (gjeld berre i Votna. Gjev òg rett til stongfiske.)

Døgnekort:    kr 200

### Stong

1 døger       kr. 110,-  
3 døger       kr. 290,-  
Veke           kr. 390,-  
Sesong        kr. 790,-



Figur 4: Garnutsetting i Ostanuttjødna (Foto: Ukjent sørlending)

Røldal statsallmenning har felles fiskekortordning med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord statsallmenning på Hardangervidda.

### Fellesfiskekort

Veke           600,-  
Sesong        1200,-

Det vart til saman seld 35 sesongkort og 292 vekeskort. Inntektene til Røldal fjellstyre frå sal av fellesfiskekortet var kr 17 190 (9.2 % av total omsetning).

### Inntekt:

Det vart i 2022 ei samla inntekt frå sal av fiskekort på kr 54 693.

## 7. Tenestekjøp

### Tjenestekjøp Røldal fjellstyre, 2022

| 1. Refusjonsberettiga arbeid                             |  | Time-<br>verk | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|----------------------------------------------------------|--|---------------|-------------|----------|------------|
| OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid: |  |               |             |          |            |
| Fiske:                                                   |  |               |             |          |            |
| Småviltjakt:                                             |  |               | 8           |          |            |
| Anna:                                                    |  |               |             |          |            |
| * Villreinjakt:                                          |  |               | 23,3        |          |            |
|                                                          |  |               | 552         | 31,3     | 17278      |
| SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:            |  |               |             |          |            |
| Fiskekulturarbeid:                                       |  |               |             |          |            |
| Transport: (inkl. kjøring til møter)                     |  |               |             |          |            |
| Tilsyn-hytter:                                           |  |               | 33          |          |            |
| Reperasjon/vedlikehald av hytter:                        |  |               |             |          |            |
| Renovasjonsarb.:                                         |  |               |             |          |            |
| Synfaringar og anna:                                     |  |               | 7,5         |          |            |
|                                                          |  |               | 552         | 40,5     | 22356      |
| FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:                     |  |               |             |          |            |
|                                                          |  |               | 150,5       |          |            |
|                                                          |  |               | 400         | 150,5    | 60200      |
| ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:                  |  |               |             |          |            |
|                                                          |  |               | 90,5        |          |            |
| * Villreinjakt s:                                        |  |               | 4,3         |          |            |
| ** HF drift                                              |  |               | 137,7       |          |            |
|                                                          |  |               | 400         | 232,5    | 93000      |
| Andre kostnader:                                         |  |               |             |          |            |
|                                                          |  |               | SUM         |          | 192834     |

| 2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid |     | Timepris Kr | Timeverk | Forbruk-Kr |
|------------------------------------|-----|-------------|----------|------------|
|                                    |     |             |          |            |
| Sal av jakt og fiskekort m.m:      | 0,5 | 696         | 0,5      | 348        |

Kostnad for fjellstyret: (kr inkl. mva) **193181,60**

\* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet er fordelt etter areal mellom fjellstyra

\*\* Timverk HF drift er fordelt etter fjellstyret sitt timetal i høve til samla tenestekjøp hjå alle fjellstyra (refusjonsberettiga timar).

## **8. Ymse**

### **Røldalsmarknaden**

Etter eit par års koronaopphald vart marknaden igjen gjennomført. Fjellstyret hadde som åra før, òg denne gongen eigen stand. Det vart kjøpt inn ny lavvo til arrangementet. Nytt av året var at fjellstyret nytta høvet til å dele ut jaktkort til reinsjakta, samtidig som ein hadde eit jaktlotteri, bildekonkurranse. Frå Fjellstyret sin ståstad var dette var eit velluka arrangement!

### **Rekrutteringstiltak**

Fjellstyret inngjekk eit samarbeid med Røldal Skule om gjennomføringa av eit rekrutteringstiltak bygd opp rundt fiske. Avtalen bidrog til at skulen bestemte seg for å gjennomføre ein felles turdag til Kaldevatnet.

Til gjennomføring av dette prosjektet vart fjellstyret tildelt kr 7 500 av Norges Fjellstyresamband/Miljødirektoratet. Fjellstyret fekk òg kr 5000 i støtte av Lyse Kraft gjennom Kraftspirer. Desse midlane brukte fjellstyret til å dekke kostand ved busstransport, tursjokolade og innkjøp av diverse fiskeutstyr. No når skulen har fått noko enkelt fiskeutstyret, håpar fjellstyret at ein nyttar moglegheita til å fiske meir òg i skulesamanheng.

Fjellstyret takkar NFS/MD og Lyse-Kraftspirer for tildelingane.

### **Støtte**

- Røldal Fjellstyre mottok i 2022 kr 94 000 frå Grunneigarfondet (Statskog). Desse midlane var tildelt i 2021.
- Fjellstyret fekk kr 50 000 i støtte av Lyse, til generelt vedlikehald av fjellstyrehyttene.
- I samband med planane om bygging av nytt uthus på Ninive, vart fjellstyret tildelt kr 100 000 av Sparebankstiftinga Hardanger og kr 114 500 frå Grunneigarfondet (Statskog). Desse midlane vert ikkje utbetalt før uthuset er ferdigbygd.
- Fjellstyret fekk også vederlagsfritt transportløyve av Røldal Grunneigarlag, samt gratis parkering av Røldal Bygdateneste.

Fjellstyret takkar for tildelingane, og håpar å bruke desse midlane til å gjere hyttene våre meir attraktive for brukarane våre.

## **Allmennyttige føremål**

Røldal Fjellstyre har i 2022 støtta følgjande allmennyttige formål:

- Kr 5 000 – Røldal Grendahus: Nyinstallasjon internett
- Kr 15 000 – Røldal Idrettslag: Støtte nyetablering trimrom
- Kr 45 000 – Røldal Grunneigarlag: Prosjektmidlar – «RESPEKT FOR LOKALSAMFUNN OG FELLESSKAP!»


## **Aksjeutbytte**

Røldal fjellstyre er aksjonær i Røldal Eigedomsselskap AS. Fjellstyret mottok i denne samanheng kr 100 000 i utbytte i 2022.

## **Dugnad**

Fjellstyret må til slutt nytta høvet til å takke alle for den enorme dugnadsinnsatsen lagt ned i 2022.

Røldal februar 2022



Tor Helge H. Tjemsland  
Leiar